

Fibrinogen i plasma

Bakgrunn

Fibrinogen er eit protein som blir produsert i levercellene. Fibrinogen blir omdanna av trombin til løyselig fibrin, som igjen blir omdanna til eit nettverk av uløyselig fibrin, det siste trinnet i koagulasjonskaskaden. Trådstrukturen er ein viktig faktor for fibrinogenet sin tendens til å aggregere partiklar, og er hovudansvarlig for erytrocyttane si danning av ”pengerullar”, som aukar b-SR. Fibrinogen er også eit akutfase-protein. Konsentrasjonen aukar innan 24 timar og er maksimal 3 – 4 døgn etter at inflammasjonen starta. I ukompliserte tilfelle brukar normalisering av p-fibrinogen å finne stad etter 3 – 4 veker.

Indikasjonar

Mistanke om disseminert intravaskulær koagulasjon (DIC) og andre tilstandar med auka forbruk eller nedbryting av fibrinogen. Blødingstilstandar utan kjent årsak. Monitorering av fibrinolytisk behandling.

Prøvemateriale



Citratblod eller citratplasma. Fyll citratrør (blå kork) til merka volum og bland godt. Haldbar i tre døgn i romtemperatur.

Referanseområde

1,5 - 4,0 g/L

Verdiar < 0,8 g/L eller > 12,0 g/L vil bli forsøkt varsla pr.telefon.

Tolkingar

Høge verdiar kan sjåast ved inflammasjonar av ulike etiologiar. Kroniske infeksjonar, kollagene lidningar og nefrose kan forårsake veldig høge fibrinogenkonsentrasjonar.

Låge verdiar (eller normal verdi ved pågåande inflammasjon) tyder på auka forbruk av fibrinogen, som ved disseminert intravaskulær koagulasjon (DIC).

Graviditet og behandling med østrogen medfører høgare konsentrasjonar.

Biologisk variasjon: Intraindividuell biologisk variasjon: 10,7 %

Feilkjelde: Unngå langvarig stase.